

---

Vår referanse 2021/16329-3  
Dato 29.04.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - frådeling våningshus - dispensasjon frå krav til reguleringsplan - gnr 349 bnr 11 - lo - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 12.04.2021.

Søknaden gjeld frådeling av eigedom med eksisterande våningshus. Søknaden gjeld også dispensasjon frå krav om reguleringsplan i gjeldande kommunedelplan. Eigedom er uregulert, men ligg i område avsett til framtidig bustadområde i kommuneplanens arealdel.

### Saksgang

Ved frådeling av eigedom må det etter § 27-4 i plan- og bygningslova føreligge godkjent avkøyrsløyve. Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vera avklart etter PBL og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

### Uttale

Det er søkt om frådeling av eigedom med eksisterande våningshus, for å kunne renovere det og kunne busetje seg der. Det er opplyst i oversendinga frå kommunen at dei har informert tiltakshavar om at han må ha eit nytt løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve til fylkesveg. Tiltakshavar har opplysa kommunen om at det er søkt om og blitt gjeve godkjenning av flytting av avkøyrsløve. Vi har ikkje motteke noko søknad om utvida bruk i samband med frådeling.

Det vart i 2017 søkt om oppføring av ein reidskapsbod på eigedom. Statens vegvesen gjorde i samband med den søknaden vurderingar av avkøyrsløvepunktet, og det vart etter dialog med tiltakshavar gjeve eit vedtak om flytting av avkøyrsløve, med vilkår om stenging av eksisterande avkøyrsløve.

Dersom kommunen godkjenner frådeling av eigedom må tiltakshavar søke om avkøyrsløve til Vestland fylkeskommune. Vi har ikkje vore på staden for å sjekke høve, men vi kan sjå at det er utfordringar med sikt i avkøyrsløvepunktet. Det kan påreknast eit nytt løyve med same vilkår som vart gjeve frå Statens vegvesen i 2017, som inneheld flytting av avkøyrsløvepunkt.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*